

## EMNERAPPORT

**EMNE HEKVAL620**      **Kvalitetsforbetring i helsetenesten**

**Haust 2013**

### **Emneansvarleg si vurdering**

#### **Praktisk gjennomføring**

Kurset er lagt opp med 4 samlingar a 1 veke. Det har fungert godt. Samlingane består av ein kombinasjon av førelesning med interne og eksterne førelesarar, gruppearbeid og plenumsdiskusjonar. Etter kvar samling set vi oss i ein ring og evaluerer samlinga. Dette opplever vi som førelesarar nyttig ved at vi får konkret tilbakemelding på kva vi kan endre til neste samling og til tilsvarende samling neste år. I tillegg til denne evaluatingsforma har vi og ei skriftlege evaluering til slutt. Utfordringa med begge evaluatingsformene er at tilbakemeldingane frå studentane spriker, og at svarprosenten på skriftleg evaluering er på 60 %. Nokre studentar meiner at gruppeoppgåvane var det beste, medan andre meiner at dette ikkje fungerte. Noko er fornøgd med rettleiing, andre ikkje. Når det gjeld dei interne førelesarane, så får vi gjennomgåande gode tilbakemeldingar både på dei skriftlege og munnlege evalueringane. Når det gjeld dei eksterne førelesarane viser dei munnlege evalueringane at det kan sprike. Noko kan oppleve ein førelesar som særskild god med eit relevant innhald, medan andre meiner at innhaldet ikkje var relevant og at førelesar var dårlig. Hovudinntrykket er likevel at studentane er nøgde med dei fleste av dei eksterne førelesarane.

I den skriftlege evalueringa gir 47 % av studentane kurset karakteren fire, 47 % karakteren 5 og 7% karakteren 6 (der seks er beste karakter). 100 % av dei spurde vil anbefale kurset til andre. Alt i alt vil vi seie oss nøgde med denne overordna tilbakemeldinga.

#### **Oppfølging frå tidlegare evalueringar/oppfølging underveis**

Tidlegare har studentane gitt tilbakemelding om at det har vore lite «ny/oppdatert» litteratur. Vi har prøvd å imøtekomme dette ved å legge ut fleire oppdaterte forskingsartiklar frå fagfeltet. Tilbakemeldingane på dette har vore at det då har vorte for uoversiktleg, og vi har prøvd å imøtekomme det ved å legge dei mest relevante artiklane i ei eiga mappe.

Vi gjer kontinuerleg ei vurdering av dei eksterne førelesarane og bytter ut dei som ikkje har fungert.

## **Studieinformasjon**

Vårt inntrykk er at studentane er godt nøgd med studieinformasjonen.

## **Litteraturtilgang**

Kvalitetsforbedring i helsetenesta er relativt nytt som eit akademisk fag. Dette gjer at det er særskilt begrensa kva som finnast av litteratur i form av lærebøker. Vi har gjort eit utval av det vi meiner fungerer beste. I tillegg supplerer vi med forskingsartiklar.

## **Lokale og utstyr**

Undervisningslokala fungerer bra. Studentane har ofte problem med å kople seg til ekstern skjerm på grupperomma. Emneansvarleg saknar tilgong til ein skrivar som fungerer. Skrivaren på EVU-kontoret på VilVite fungere ikkje.